

Oselvarklubben 60 år

I dag 27. august er Oselvarklubben 60 år. Dagen vert markert med oselvarsegling på Os.

Anne Kari Hinna

– 27. august 1945 vart Bergen og Hordaland Seilersamband (BHSS) stifta. På denne tida var det berre oselvaren ein segla med. Såleis var det oselvaren sine interesser BHSS arbeidde med, fortel *Kjell Magnus Økland* forfattar av jubileumsboka "Oselvaren – den levande båten" som kjem i november. Økland seier vidare at oppgåvene til BHSS var mellom anna å organisere terminlister, registrering av båtar og loggføring. På 50- og 60-talet derimot, kom det inn andre båttypar i seglsporten, og i 1974 vart BHSS omorganisert. Norges Seilforbund og Hordaland Seilkrets tok over dei administrative oppgåvene BHSS hadde hatt. Medan tidlegare BHSS vart heitande Oselvarklubben.

Oselvarklubben er i dag overordna fem aktive osel-

var-seglforeningar i Hordaland Seilkrets: Båtlaget RAN i Angelvik, Hjellestad Seilforening, Milde Båtlag, Austevoll Seilforening og Båtlaget Njord/Tysnes.

Oselvar i 2000 år

"Oselvaren – den levande båten" fortel om den minst 2000 år lange utviklinga til oselvaren. Fyrste del handlar om båten i gamle dagar, båtbyggjing og korleis han har utvikla seg. Del to fortel om båten som tev-

lingsbåt, medan del tre viser tips til korleis ein kan ro og segla med oselvaren. Del fire er eit oppslagsverk med mellom anna klassereglar og resultatlister.

– I dag vert Oselvarklubben markert med tevling i oselvarsegling og roing på Os. Tanken er å samla oselvarmiljøet, både aktive og tidlegare aktive til jubileumsfest seinare i haust, seier Økland som i tillegg til å ha forfatta jubileumsboka er styremedlem i Oselvarklubben.

